

Opprusting for frå 13 til 36 millionar

26.02.2010



Uskedalen skule - blir han opprusta for 13,2,24,6 eller 36 millionar ? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Må skulen i Uskedalen rustast opp for 13,2, 24,6 eller 36 millionar? Dette er dei tre alternativa.

Hvis halvparten av elevane ved Bringedalsbygda skule skal overførast hit, vil skulen måtte rustast opp for 24,6 millionar, pluss trafikksikring for 5 millionar i Bringedalsbygda.

Hvis derimot alle Bringedalselevane flyttast hit kostar det 36 millionar, pluss dei sju busslommane med skur for 5 millionar.

Uansett må skulen her i bygda rustast opp for 13,2 millionar.

Desse tala er henta frå rådmannen si innstilling til formannskapet for gjennomføring av endringane i skulestrukturen. Innstillinga skal handsamast på Husnes til veka.

Utbyggjing og opprusting av Underheim skule ved overflytting av heile Bringdalsbygda-skule dit pluss ny idrettshall, busslommar og utbetring av basseng vil kosta 117 millionar. Opprustinga aleine kjem på 62 millionar. I tillegg kjem turvande vøling av Uskedalen skule på 13,2 millionar som må gjennomførast uansett slik at investeringskostnadane ved dette alternativet blir 130,2 millionar. Underheim skule bør stå ferdig i slutten av 2013 og idrettshallen året etter.

Ved overflytting av halve Bringedalsbygda til Husnes-skulen blir rekninga på 112 millionar.

Hvis ein vil behalda Bringedalsbygda kostar det 17,5 millionar i opprusting medan det altså vil kosta 13,2 millionar å rusta opp Uskedalen. Ved Underheim blir det naudsynt å satsa 112 millionar ved dette alternativet.

Totalskilnaden ved dei tre alternativa blir med andre ord ikkje så stor:

Bringedalsbygda og Skarveland kan tidlegast bli nedlagde i 2013 og det er kor elevane ved Bringedalsbygda vel å gå som avgjer tidspunktet.

Av Ola Matti Mathisen